

KSK-notat nr.: 80/2014 - Bakgrunn for vedtak - småkraftverk

Søkjær/sak: **Rolf Skarbø/Skarbøen kraftverk**

Fylke/kommune: Møre og Romsdal/Ørsta

Ansvarleg: Øystein Grundt :

Sakshandsamar: Siri Merethe Fagerheim :

Dato: 23.09.2014

Vår ref.: 201003141-44

Dokumentet sendes uten underskrift. Det er godkjent i henhold til interne rutiner.

Søknad om løyve til bygging av Skarbøen kraftverk i Ørsta kommune i Møre og Romsdal

Innhald

Samandrag	1
Søknad	3
Høyring og distriktsbehandling	6
NVE si vurdering	14
NVE sin konklusjon	25
Forholdet til anna lovverk	26
Merknader til konsesjonsvilkåra etter vassressurslova.....	27
Andre forhold	29
Vedlegg	30

Samandrag

Skarbøen kraftverk vil nytte fallet i Skarbøelva mellom eit inntak på kote 400 og kraftstasjon på kote 3. Vassvegen på ca. 1,2 km er planlagt langs austsida av elva. Den vil bli vekselvis nedgrave og tildekt med behov for sprenging i øvre del. Det er planlagt 1,4 km ny permanent veg opp til inntaket og vegen må leggjast i svingar i bratt terreng i nedre del. Til kraftstasjonen er det behov for ny permanent avkjørsel frå fylkesvegen. Middelvassføringa er 218 l/s og kraftverket er planlagt med ei maksimal slukeevne på 601 l/s. Kraftverket vil ha ein installert effekt på 2,1 MW og etter planane gje ein produksjon på 5 GWh. Utbygginga vil føre til redusert vassføring på ei 1,1 km lang strekning i Skarbøelva. Det er planlagt slepp av minstevassføring på 11 l/s heile året.

Ei utbygging etter omsøkt plan vil gje om lag 5 GWh/år i ny fornybar energiproduksjon. Dette er ein produksjon som er vanleg for småkraftverk. Sjølv om dette isolert sett ikkje er eit vesentlig bidrag til fornybar energiproduksjon, så utgjer småkraftverk samla sett ein stor del av ny tilgang dei seinare år. Dei tre siste åra (2011–13) har NVE klarert om lag 1,4 TWh ny energi frå småkraftverk. Dei konsesjonsgjevne tiltaka vil vere eit bidrag i den politiske satsinga på småkraftverk, og satsinga på fornybar energi.

Dei aller fleste prosjekta vil ha enkelte negative konsekvensar for ei eller fleire allmenne interesser. For at NVE skal kunne gje konsesjon til kraftverket må ikkje verknadane bryte med dei føringane som er gjeve i Olje- og energidepartementet sine retningslinjer for utbygging av små kraftverk. Vidare må dei samla ulempe ikkje vere av eit slikt omfang at dei overstig fordelane ved tiltaket. NVE kan setje krav om avbøtande tiltak som del av konsesjonsvilkåra for å redusere ulempe til eit akseptabelt nivå.

I høyringa var fleire imot prosjektet som det var omsøkt, men kunne under føresetnader om tilpassingar av prosjektet akseptere ei utbygging. Ørsta kommune tilrår løyve dersom inntaket blir flytta ned til kote 400, under skoggrensa, og dei rår ifrå permanent veg opp i snauffjellet. Fylkesmannen går ikkje imot tiltaket, men ber om at det blir gjennomført utan vegbygging og at inntaket blir trekt ned frå eit ope og sårbart høg fjellsterreng til under tregrensa. Fylkeskommunen uttalar at det er eit visst potensiale for funn av automatisk freda kulturminne i kraftstasjonsområdet og at der er 7 SEFRAK-registrerte kulturminne i området. Fylkeskommunen er opptekne av konsekvensane utbygginga kan få for fjordlandskapet og syner til satsinga på hurtigruteanløp i Hjørundfjorden. Forum for Natur og Friluftsliv (FNF) Møre og Romsdal kan godta utbygging under føresetnad av at inntaket blir flytta til kote 350 og kraftstasjonen til kote 20 og at det blir sleppt minstevassføring. Dei påpeikar i tillegg at vegbygginga og tap av INON-område i eit prioritert friluftslivsområde er problematisk. Miljøpartiet de Grønne Ørsta/Volda er positive til utbygging dersom spor etter anleggsarbeidet blir lite synleg og inntak og kraftstasjon blir flytta høvesvis ned frå snauffjellet og opp frå fjorden. Tussa Nett AS har som områdekonsesjonær kommentert linjetilknyttinga og opplyser at m.a. ny sjøkabel til Trandal vil kunne frigjere kapasitet slik at Skarbøen kraftverk kan mate effekt inn på distribusjonsnettet. Utan desse oppgraderingane må ein forsterke 22 kV nettet andre stadar. Statens vegvesen Midt har ingen konkrete kommentarar til omsøkte kraftverk, men minner om generelle reglar ved tiltak nær kommunikasjonsårer og sikkerheit generelt.

Konsekvensane for allmenne interesser er i omsøkte prosjekt hovudsakleg knytt til landskap og friluftsliv. Dei største negative konsekvensane for landskapet er, slik NVE ser det ikkje knytt til fråføring av vatn då elva er lite synleg, men til dei fysiske anleggsdelane. Inntaket er etter høyring flytta noko ned av omsyn til landskap- og friluftslivinteresser. Likevel vil dei tekniske inngrepa i øvre del av tiltaksområdet endre opplevinga av å ferdast i området. Redusert vassføring vil vere negativt for dei fuktkrevjande artar som finst i vassdraget, men ei ev. pålagt minstevassføring vil kunne bøte på noko av dei negative verknadane dersom prosjektet får løyve. Konsekvensane av tiltaket på brukarinteresser er samla sett vurdert av NVE til å vere noko negativ, men akseptabel slik prosjektet står fram etter mindre justeringar.

Etter ei heilskapleg vurdering av planane og dei innkomne uttalane meiner NVE at fordelane av det omsøkte tiltaket er større enn skadar og ulemper for allmenne og private interesser, slik at kravet i vassressurslova § 25 er oppfylt. NVE gjev Rolf Skarbø løyve etter vassressurslova § 8 til bygging av Skarbøen kraftverk. Løyvet er gjeve på nærare fastsette vilkår.

Søknad

NVE har mottatt følgjande søknad frå Rolf Skarbø, datert 23.1.2013:

«1. Etter vannressursloven, jf. § 8, om tillatelse til:

- å bygge Skarbøen kraftverk mellom kote 415 og kote 0 i Skarbøelva

2. Etter energiloven om tillatelse til:

- bygging og drift av Skarbøen kraftverk, med tilhørende koblingsanlegg og kraftlinjer som beskrevet i søknaden.»

Skarbøen kraftverk, endeleg omsøkte hovuddata

TILSIG		Hovudalternativ
Nedbørfelt	km ²	2,8
Årleg tilsig til inntaket	mill.m ³	6,89
Spesifikk avrenning	l/(s·km ²)	7,80
Middelvassføring	l/s	218
Alminneleg lågvassføring	l/s	11
5-persentil sommar (1/5-30/9)	l/s	13
5-persentil vinter (1/10-30/4)	l/s	9
KRAFTVERK		
Inntak	moh.	400*
Avløp	moh.	3*
Lengde på aktuell elvestrekning	m	1105*
Brutto fallhøgde	m	397*
Midlare energiekvivalent	kWh/m ³	0,97
Slukeevne, maks	l/s	601
Minste driftsvassføring	l/s	30
Planlagt minstevassføring, sommar	l/s	11
Planlagt minstevassføring, vinter	l/s	11
Tilløpsrøyr, diameter	mm	500
Tunell, tverrsnitt	m ²	-
Tilløpsrøyr/tunell, lengde	m	1190*
Installert effekt, maks	MW	2,106
Brukstid	timar	2500
PRODUKSJON		
Produksjon, vinter (1/10 - 30/4)	GWh	2,6*
Produksjon, sommar (1/5 - 30/9)	GWh	2,37*
Produksjon, årleg middel	GWh	4,97*
ØKONOMI		
Utbyggingskostnad	mill.kr	21,63*
Utbyggingspris	kr/kWh	4,35*

*Basert på justeringar i søkjar sine kommentarar i brev datert 23.8.2013

Skarbøen kraftverk, elektriske anlegg

GENERATOR

Yting	MVA	2,3
Spenning	kV	0,69

TRANSFORMATOR

Yting	MVA	2,4
Omsetning	kV/kV	0,69/22

NETTILKNYTING (kraftlinjer/kablar)

Lengde	m	125
Nominell spenning	kV	22
		Luftlinje

Om søkjar

Det er grunneigar Rolf Skarbø som er tiltakshavar. Kraftverket vil bli organisert som eit akseselskap og det er inngått avtale med Tussa Energi AS om bygging og drift av kraftverket.

Skildring av området

Skarbøen ligg på vestsida av, og ytst i, Hjørundfjorden. Skarbøelva har sitt utspring i Skarbøvatnet på kote 417. I nord og sør er vatnet omkransa av omkring 1000 m høge fjell. Området rundt vatnet er relativt flatt og består av mindre myrområde. Frå Skarbøvatnet aukar fallet jamt nedover mot kote 300 før elva går i fossar og stryk ned bratt terreng og ender i Hjørundfjorden. I området ved inntaket er det tynt vegetasjonsdekke og bart fjell. Lenger nedover blir det noko meir lausmasser og vegetasjonsdekke. Frå omkring kote 350 og ned til fjorden veks det skog heilt inn til elva. Skogen består for det meste av bjørk, men det førekjem òg andre lauvtre. Elva renn i eit søkk nesten heile strekninga som vender ut mot fjorden, noko som gjer innsynet avgrensa.

Nede ved fjorden er det noko busetnad. På sørsida av elva ligg garden Skarbøen. Nord for elva ligg det ei hytte. Langs fjorden går fylkesveg 65. På motsett side av fjorden ligg bygda Hundeidvik.

Teknisk plan

Inntak

Inntaket var opphavleg planlagt på kote 417, men etter høyring trakk søkjar inntaket ned til kote 400. Inntaket på kote 400 er tenkt plassert i ein naturleg formasjon i fjellet, med synleg fjell i dagen. Det er ikkje sendt inn ny skildring av dei tekniske utforminga av inntaket på kote 400, og NVE antar at det ikkje er snakk om endringar frå den opphavlege skildringa av inntak på kote 417. Det blir bygd ein 5 m lang terskel i betong over elveløpet og ein kulp skal sprengast ut slik at djupna i overkant av røret blir ca. 3 – 3,5 m. Det er planlagt eit lukehus med varegrind etc. ved inntaket. Terskelen vil gå jamt med elva sine sidekantar. Det skal sprengast ei grøft for utføring av rør frå kulpen. Botnen av grøfta blir 4 - 4,5 m lågare enn vasspeilet i kulpen. Vasspeilet vil få eit areal på 150 m² og volumet bli omtrent 600 m³.

Vassveg

Vassvegen er omtrent 1,2 km lang, skal ligge på sørsida av elva og er planlagt delvis nedgrave og delvis tildekt. Frå inntaket og ned til kote 300 er det grunnlendt med fjell i dagen slik at rørgata vil bli

delvis sprengt ned i fjell og delvis lagt langs terrengformasjoner og tildekt. Frå kote 300 og nedover blir det meir lausmassar og bjørkeskog, men òg her vil rørgata variere mellom å bli grave heilt ned i grøft og bli tildekt. Tilløpsrøret skal ha ein diameter på 500 mm. Det må sprengast ein ca. 1 m djup og 1,5 m brei grøft til rørgata om den skal gravast ned. Søkjar har derfor vurdert det som meir hensiktsmessig med ei rørgate som i størst mogleg grad følgjer terrenget. I anleggsfasen blir traseen 30 m brei, medan i driftsfasen blir traseen 2 – 2,5 m brei.

Kraftstasjon

Stasjonen blir liggande ved Hjørundfjorden nedanfor fv. 65 på kote 3 og avløpet skal gå rett i fjorden. Det blir installert ein Pelton-turbin på 2,11 MW. Stasjonen vil dekkje ei flate på ca. 100 m² i tillegg til 200 m² til parkering o.a. rundt. Stasjonen blir utforma som eit standard betonghus med maskinsal, rom for styreanlegg. Høgspenbrytarar og transformator skal vere i eige høgspenrom. Det kan bli aktuelt med avtagbart tak for vedlikehald og uttak av aggregat. Utvendig har søkjar planlagt å kle bygninga med trepanel, samtidig som den skal tilpassast nærliggande bygningar på best mogleg måte.

Nettilknytning

Mørenett AS er områdekonsesjonær og i følgje energiutreiinga er det avgrensa kapasitet i nettet langs Hjørundfjorden. Skarbøen kraftverk er planlagt med ei 125 m lang luftlinje til eksisterande 22 kV kraftlinje vest for stasjonen. Søknad er inkonsekvent på lengd nettilknytning og vekslar mellom 50 og 125 m, men ut i frå kart ser 125 m ut til å vere riktig. I følgje søknaden vil behov for forsterkningar i linjenettet bli avklart når konsesjonsvedtak ligg føre på andre omsøkte kraftverk i nærleiken. Tussa Nett AS, som var namnet på områdekonsesjonær på dette tidspunktet, uttalar i brev av 20.3.2013 følgjande:

«Løysinga med ny 132/22 kV transformatorstasjon i Sæbø og etablering av ny 22 kV sjøkabel til Indre Trandal vil frigjere kapasitet andre stader i 22 kV nettet slik at Skarbøen og Klubbenes kraftverk kan mate effekt inn i 22 kV nettet og vidare mot Rjånes transformatorstasjon. Dersom nemnde nettoppgradering ikkje blir gjennomført, må ein forsterke 22 kV nettet andre stader for at Skarbøen og Klubbenes skal kunne produsere inn på nettet.»

Grunneigar har inngått avtale med Tussa Energi AS om både bygging og drift av kraftverket, inkludert elektriske anlegg.

Veg

Det er planlagt ein 1400 m lang og 4 m brei permanent veg frå Skarbøen opp til inntaket. Vegen må leggest i svingar opp gjennom skogen frå Skarbøen då området er for bratt til at vegen kan gå rett opp. Vidare vil søkjar forsøke å la vegen følgje rørgatetraseen. Til stasjonen blir det òg laga ein ny permanent veg med ny avkøyrse frå fv. 65. Lengd er ikkje oppgitt.

Massetak og deponi

Ved behov vil omfyllingsmassar bli kjøpt lokalt. Det blir ikkje etablert eige massetak i tilknytning til kraftverket. Overskotsmasse skal planerast og tilpassast terrenget langs rørgatetraseen.

Arealbruk

For å gjennomføre utbygginga vil det vere behov for areal til mellombelse og permanente anlegg. Dei mellombelse anlegga (riggområde, mellomlager, etc.) vil bli levert tilbake når arbeidet er ferdig.

	Mellombels arealbehov (m²)	Permanent arealbehov (m²)	Merknadar
Inntaksområde	1800	200	
Tillaupsrøyr	48 300	2 500	Delvis nedgrave og tildekt
Vegar	28 000	5 600	
Kraftstasjonsområde	1 900	300	
Nettilknytning	125 m	125 m	Luftlinje

Forholdet til offentlege planar

Kommuneplan

I kommunen sin arealplan er området disponert til landbruk, natur- og friluftsområde (LNF).

Samla plan for vassdrag

Grensa for handsaming i Samla plan er 10 MW installert effekt/årsproduksjon på 50 GWh. Vassdraget er ikkje handsama i Samla plan.

Verneplan for vassdrag

Skarbølva er ikkje verna.

Inngrepsfrie område (INON)

Bygging av Skarbøen kraftverk vil føre til ein reduksjon av INON-sone 2 (1-3 km frå tyngre teknisk inngrep) med om lag 1,86 km². Dette INON-området i Sunnmørsalpane er prioritert i fylkesdelsplanen.

Nasjonale laksevassdrag

Skarbølva er ikkje eit nasjonalt laksevassdrag.

Andre verneområde

Det ligg ikkje føre andre verneplanar eller spesielle restriksjonar for området.

Eventuelle fylkesvise eller kommunale planar for småkraftverk

Småkraftverk er ikkje tema i fylkes- eller kommunedelplan.

Høyring og distriktsbehandling

Søknaden er behandla etter reglane i kapittel 3 i vassressurslova. Den er kunngjort og lagt ut til offentlig ettersyn. I tillegg har søknaden vore sendt lokale myndigheiter og interesseorganisasjonar, samt involverte partar for uttale saman med 13 andre søknadar i Ørsta og Volda. NVE var på synfaring i området den 12.9.2013 saman med representantar for tiltakshavar, kommunen, og FNF Møre og Romsdal. Søkjar har fått høve til å kommentere innkomne fråsegn.

Høyringspartane sine eigne oppsummeringar er referert der slike finnst. Andre fråsegn er forkorta av NVE. Fullstendige fråsegn er tilgjengelege via offentleg postjournal og/eller NVE sine nettsider. NVE har motteke følgjande fråsegn til søknaden:

Ørsta kommune vedtok følgjande på møte i formannskapet den 4.6.2013:

«Ørsta kommune ser svært positivt på den auka verdiskapinga med inntil 59 Gwh årleg ny rein energi. Verdiskapinga vil gi grunnlag for næringsutvikling og busetnad, som utbygging av småkraftverk vil kunne gi i dei ulike bygdelag i kommunen. Minstevassføring og tidvis overløp vil bidra til at dei gode landskapsopplevingane vil oppretthaldast.

Skarbøen kraftverk vert tilrådd konsesjon – Det er ein føresetnad at inntaket vert senka til om lag kote 400.»

I saksframlegget frå administrasjonen rår kommunen ifrå permanent veg opp til inntaket gjennom snaufjellet. Alle mellombels anleggsvegar bør leggjast langs sjølve rørtraseen og få gro att naturleg, eventuelt ligge som ein revegetert køyreforsterka del av terrenget. Kommunen påpeikar at prosjektet ligg i LNF-sone D i øvre del, der ein finn særleg viktige friluftsliv-, natur-, og viltinteresser og der bygge- og anleggstiltak som ikkje har direkte tilknytning til landbruksverksemd ikkje blir tillate. Kommunen skriv at dette er område der natur- og friluftslivinteresser er prioritert og som i utgangspunktet ikkje skal byggjast ut. I temakartet friluftsliv til kommuneplanen er dette området prioritert som nasjonalt viktig. Nedre del av utbyggingsstrekninga ligg i LNF sone B. Tiltaket vil føre til tap av INON-område i eit prioritert område i fylkesdelplanen.

Det blir informert om at elvelaup (frå 2011) er ein raudlista naturtype og dette bør auke verdivurderingane av alle elvane. Strekninga Skarbøen-Klubbeneset er leve/jaktområde for oter i følgje ei kommunal kartlegging og fisk kan gå opp ei kort strekning av elva. Kraftstasjonen blir svært synleg frå sjøen og god utforming vil vere svært viktig. Ein bør i tillegg vurdere å flytte kraftstasjonen overfor vegen.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har gitt fråsegn i brev datert 3.6.2013. Hjørundfjorden er, slik Fylkesmannen ser det, eit av våre nasjonale fjordlandskap, kanskje på linje med Geirangerfjorden og Nærøyfjorden. Karakteristisk for dette landskapet er m.a. ein svært djupt nedskoren fjord innramma av fjellmassiv av ekstrem karakter, med strie elver og lange fosseslør. Slike fjordlandskap er unike i verdssamanheng og er blitt ei merkevare for reiselivet i Noreg. Fylkesmannen meiner at det vil vere svært viktig å ha att så mange urørte vassdrag i området at ein ikkje svekkjer dei unike landskapsverdiane.

Fylkesmannen minner om at naturtypen elveløp er komen på raudlista i kategori NT (nær truga) og at konsekvensane av ev. nettforsterkingane må vere med i NVE si samla vurdering av konsekvensane ved ny kraftutbygging. Samla sett så vil den største reduksjonen i INON skje i dei områda som Fylkesdelplan for INON (2000) prioriterer som viktige å oppretthalde.

Fylkesmannen reknar med at når områda med hasselskog nedst i utbyggingsområdet ikkje er nærmare omtala og avgrensa som rik edellauskog med utforminga rikt hasselkratt, så er det fordi området er for lite til å fylle kartleggingskriteriet for denne naturtypen. Fylkesmannen rår til ei størst mogleg minstevassføring i elva ut ifrå omsynet til det terrestriske naturmiljøet og fordi vasstilknytte organismar er avhengige av ei viss naturleg vassføring.

Vi siterer frå brevet:

«...

Landskap/Friluftsliv/INON

Tiltaket vil ikkje direkte røre ved viktige brukarinteresser. Langs utbyggingsstrekninga er området kun av lokal verdi for friluftsliv, men dei tilgrensande fiellområda er av regional/nasjonal verdi som frilufisområde.

Vasstrengen er lite eksponert. Reduksjon i vassføringa vil derfor ikkje ha vesentleg å seie for landskapsbildet. Inntaket er lagt nær Skarbøvatnet i eit ope og sårbart høgfiellsterreng. Dette er uheldig og vi vil derfor rå til at inntaket blir trekt ned i skoggrensa. Ein 1400 m lang veg i svingar opp den bratte fjellsida vil vere det største landskapsinngrepet. Det må vurderast om prosjektet kan gjennomførast utan vegbygging.

Prosjektet vil redusere inngrepsfrie naturområde (INON-sone 2) med 1,86 km². Dette er ein del av INON-område prioritert i Fylkesdelplan for inngrepsfrie naturområde (2000) og såleis klart uheldig.

(...)

Konklusjon

Fylkesmannen vil ikkje gå imot ei viss utbygging av Skarbøelva. Vi ber likevel om at ein vurderer å gjennomføre prosjektet utan vegbygging og å trekke inntaket ned under skoggrensa.»

Møre og Romsdal fylkeskommune har gitt fråsegn i brev datert 8.5.2013, med tilslutning frå fylkesutvalet i møte den 27.5.2013.

Fylkeskommunen saknar kartlegging av kulturminne og kulturmiljø, og det vil vere naudsynt å gjere arkeologisk registrering i forhold til undersøkingsplikta og § 9 i kulturminnelova. Det blir peikt på at det er eit visst potensiale for funn av automatisk freda kulturminne i kraftstasjonsområdet (kote 2). Det er registrert 7 SEFRAK kulturminne i influensområdet til prosjektet (på sørsida av elva).

Det blir uttalt at bygging av småkraftverk vil betre straumforsyninga i fylket og auke delen fornybar energi, og gje auka verdiskaping og næringsutvikling som vil kome kommune, lokalsamfunn og den einskilde grunneigar til gode.

Fylkeskommunen legg òg vekt på konsekvensar for reiseliv og uttalar følgjande:

«Hjørundfjorden (med Norangsfjorden og Storfjorden) er i ferd med å utvikle seg til å bli ein juvel i reiselivssamanheng. Av mange hevda å bli "den nye Geirangerfjorden". Det er allereie per i dag mange reiselivsaktørar i Hjørundfjorden og fleire miljø/aktørar er i startgropa for utvikling av spennande reiselivsprodukt i Hjørundfjorden. Hausten 2013 vil Hurtigruta ha anløp i Hjørundfjorden med Urke som ilandstigningshamn i ein periode på 8 veker, og mykje tyder på at dette er ei langsiktig satsing for Hurtigruta. Cruiseskip har også varsla sin ankomst til Hjørundfjorden.

Ved etablering av småkraftverk i Hjørundfjorden, er det svært viktig at ein legg vekt på det visuelle uttrykket i naturen og kulturlandskapet. Fjord Norge regionen si sterkaste merkevare er fjordlandskapet, der vassdrag og fossar er ein viktig del av dette biletet. Det ville vere eit tap i reiselivssamanheng dersom dei fleste vassdrag/fossar i fjorden blir (sterkt) redusert slik at dei ikkje lenger bidrar særleg mykje til landskapsbiletet. Ei skånsom utbygging der ein tar omsyn til faktorar som er viktige for reiselivet vil truleg ikkje gi negative verknader.

Andre anleggsinngrep som for eksempel vegskjeringar og røyrgater i dagen, kan også gi ein klar reduksjon av opplevinga i dette området.

Det er avgjerande at dette blir vektlagt og at utbyggingane i Hjørundfjorden ikkje skadar fjorden som eit viktig reiselivsmål. Det kan få negative følgjer for reiselivsnæringa i området.»

Fylkeskommunen viser elles til at Søre Sunnmøre vassområde ikkje har konkrete planar i Skarbøelva, men at det kan fremjast forslag om tiltak i fleire vassdrag, og har følgjande innspel som vassregionmyndigheit:

«...

- Ved nye inngrep i ein vassforekomst er det i § 12 i vassforskrifta lagt stor vekt på å avgrense negativ påverknad. For å kunne følgje opp dette i etterkant, vil det vere eit vilkår at ein har tilstrekkeleg kunnskap om miljøtilstanden knytt til vassdraget før utbygging.

- Saksbehandlinga av søknadane må samordnast med tiltaksanalysearbeidet i Søre Sunnmøre vassområde.

- Ein ber om at det blir retta særskilt fokus på dei anadrome elvestrekningane, slik at kraftutbygginga ikkje er til hinder for vandring, reproduksjon og levesett for laks og sjøaure. Ein må her også sjå på sumverknad av eventuell påverknad/reduksjon av laks- og aurebestanden i området.»

Statens vegvesen Region midt uttaler i brev datert 13.3.2013 at dei på generelt grunnlag ikkje har merknader til småkraftverk om det ikkje fører til uheldige trafikale forhold langs offentleg veg. Nokre av kraftverka blir liggande i nærleik av fylkesvegar, men det er vanskeleg å gjere seg særlege oppfatningar om avkjørsle, byggegrense og andre trafikale forhold utifrå eit oversiktskart. Dei legg til grunn at dei blir involvert i dei sakene der det blir aktuelt å gjere vurderingar og løyve etter veglova og fråsegner etter plan- og bygningslova.

Tussa Nett AS skriv i brev datert 20.3.2013 at det i følgje Statnett ikkje er ledig kapasitet i sentralnettet til innmating av produksjon før 420 kV-leidningen Ørskog-Fardal blir sett i drift i løpet av 2015. Dei skriv vidare følgjande med relevans for Skarbøen kraftverk:

«Løysinga med ny 132/22 kV transformatorstasjon i Sæbø og etablering av ny 22 kV sjøkabel til Indre Trandal vil frigjere kapasitet andre stadar i 22 kV nettet slik at Skarbøen og Klubbenes kraftverk kan mate effekt inn i 22 kV nettet og vidare mot Rjånes transformatorstasjon. Dersom nemnde nettoppgraderingar ikkje blir gjennomført, må ein forsterke 22 kV nettet andre stader for at Skarbøen og Klubbenes skal kunne produsere inn på nettet.»

Istad Nett AS uttaler i brev datert 25.3.2013 at dei stiller seg bak fråsegna frå Tussa Nett AS.

Forum for Natur og Friluftsliv i Møre og Romsdal (FNF) har gitt fråsegn i brev datert 10.5.2013. Dei gir i innleiinga uttrykk for at behandling av søknader i pakkar stiller store krav til høyringspartane, og at føre-var-prinsippet blir viktigare enn ved behandling av enkeltsaker. Problematikken om samla belastning blir òg drøfta, og det blir etterlyst ei tilsvarande vurdering for Austefjord-området, slik det er gjort for Hjørundfjorden. Vidare visar FNF til NVE sin rapport 2-2010 «*Etterundersøkelser ved små kraftverk - Sumverknadar på landskap*» som konkluderer med at sumverknadane er akseptable der eksponerte fossefall ikkje er tillate bygd ut, og at vegbygging i samband med tiltaka står for ein større del av landskapsinngrepa enn forventa.

I forhold til biologisk mangfald, peiker FNF på at når det blir eit større utbyggingstrykk i elvane, vil reserverevir bli viktigare for sårbare artar som strandsnipe, fossefall, oter og fleire hakkespettartar. FNF drøfter òg problemstillingar når det gjeld bruk av lokale kunnskapskjelder, og saknar ei vurdering av om dei påståtte positive konsekvensane av småkraftutbygging som ”vekst og trivsel” har slått til. Samstundes blir det vist til ny dokumentasjon av at vatn og vassdrag blir høgt verdsett som kjelde til naturopplevingar. Det blir òg etterlyst større vektlegging av fagområde som friluftsliv, estetikk,

landskap og kulturverdiar, og FNF meiner at det òg for desse tema burde vore stilt krav til kunnskapsgrunnlaget på same måte som for biologisk mangfald.

I samband med vassforskrifta sine miljømål, meiner FNF at det kan være naudsynt å avslå løyve til småkraftverk i vassdrag der utbygging kan føre til at miljøtilstanden kan bli redusert til dårlegare enn ”god tilstand”. Det blir vist til at ein i arbeidet med vassforskrifta har peikt på at det kan vere aktuelt å stille strengare miljøkrav ved kraftutbyggingar og andre inngrep i vassdrag, og at revisjon av konsesjonsvilkår kan vere aktuelt for nokre kraftverk for å betre miljøtilstanden. Behandlinga av småkraftsøknader i Ørsta og Volda må trekke mot dei same måla som Søre Sunnmøre vassområde.

FNF meiner det er eksempel på at linjenett og -kapasitet kan vere avgrensande for produksjonen i små kraftverk. Dette kan ikkje vere argument for at nye kraftverk må få løyve. NVE må elles sjå nødvendig utbygging av linjer og anna infrastruktur i samanheng med småkraftsøknadane. FNF peiker også på at småkraftverk har liten produksjon når kraftbehovet er størst.

FNF viser elles til gjennomførde etterundersøkingar i samband med små kraftverk, som viser at det er nødvendig med betre kontroll med at vilkåra til løyva blir følgd. Konkrete tema er nemnt, og det er vist til FNF sine egne erfaringar som inneber skepsis til nye kraftutbyggingar pga. avvik mellom kva det er gitt løyve til, og kva som er bygd.

Avslutningsvis i dei generelle merknadene blir det føreset at det må krevjast at den beste teknologien blir brukt for å avgrense miljøkonsekvensane, til dømes coanda-inntak.

Når det konkret gjeld Skarbøen kraftverk, har FNF følgjande fråsegn:

«Utløpsosen av Skarbøelva er ein fin fiskeplass og er eit lite «allment ope pusterom» langs ei elles bratt strandline i Hjørundfjorden. Kraftverkstasjonen bør difor etter vårt syn flyttast opp ovanfor vegen til kote 20 / 25 til flata opp for vegen, der det er nokre andre bygningskroppar og god tilkomst. Då vil strandlina ikkje bli endra, og elveløpet opplevd frå vegen og sjøen vil bli langt betre. Inntaksområdet ligg i eit ope fjellterreng som er eksponert frå turstiane mot Festøykollen, Svinetinden, Rametinden og Ramoen. Dette er populære turmål. Der er og ein sti frå Skarbøen mot Skarbøvatnet. Festøykollen og Barstadvika, men den er mindre brukt. Desse brukarinteressene er ikkje nemnd i søknaden. Vi vil tilrå at inntaket vert flytta til om lag kote 350, i overgangen til meir storvoksen skog. Ein vil då redusere tapet av INON- område, eit område som heng saman med Molladalen som er verna gjennom kommunal reguleringsplan. Sprenging av grøft for utføring av rørgata og utsprenging av kulp høyrer ikkje landskapsmessig bra ut. Knytt til dette tiltaket finn vi og eit døme på det NVE-rapport 2-2010 omtaler som vegprosjekt som vil vege tungt i målinga av samla belastning. Presisjonsnivået for utforminga av vegen opp mot inntaket er vi heller ikkje nøgd med. (J.f vårt punkt 6 over). Vi går ut frå at krav om minstevassføring og fossefallreirkasser vil bli tatt med i ein eventuell konsesjon.

Viss det blir sett vilkår om at inntaket blir flytta til kote 350 og at Skarbøen kraftverk blir flytta til kote 20/25 og at det blir sett ei minstevassføring, har vi ikkje vesentlege merknader til søknaden.»

Miljøpartiet De Grønne Ørsta/Volda (MDG) skriv i brev datert 7.5.2013 at mange elver i Ørsta og Volda allereie er bygd ut, og at det vil stå att svært få dersom det blir gjeve løyve til ytterlegare 14 kraftverk. Dette ville vere uheldig med tanke på artsmangfaldet, turisme og natur- og kulturoppleving.

MDG er positive til fornybar energi, men peiker på at utbygging av småelver vil gje varige og dramatiske inngrep i den enkelte elv. MDG ber NVE om å leggje stor vekt på artsmangfaldet, samt syner til at vegbygging kan ha stor konsekvens for landskapet. MDG saknar ei samla konsekvensvurdering for linjenettet etter utbygging, og peiker på at småkraftverk bør ha ein plan for

korleis dei kan bidra med beredskapsstraum ved regionale straumbrot. Det blir òg etterlyst plan for kontroll av utbyggingane, og slike bør ligge føre før konsesjon blir gjeve. Det blir peikt på at det er ei svakheit med søknadene at dei ikkje er visjonære i forhold til samarbeid med og lokalisering av landbasert fiskeoppdrett.

Når det konkret gjeld Skarbøen kraftverk er MDG, med atterhald om generelle synspunkt over, positive til utbygging dersom spor etter anleggsarbeidet blir lite synleg og at inntak og avløp blir flytta lenger vekk frå høvesvis høgfjellet og frå fjorden.

Tussa Energi AS, på vegne av søkjarane, har i brev datert 23.8.2013 kome med følgjande kommentarar til fråsegnene:

« ...

***Statens Vegvesen-** har ikkje særlege merknader til etablering av småkraftverk, om dette ikkje medfører uheldige trafikale forhold langs offentleg veg. Vegvesenet legg til grunn at dei vert kopla inn i dei sakene der det er aktuelt med vurderingar og løyve etter veglova og fråsegn etter plan og bygningsloven.*

***Kommentar:** Kraftstasjonen er planlagt på sørsida av elva, mellom fylkesvegen og fjorden. Avkøyrsløp frå fylkesvegen til stasjonen vert sør for stasjonen. Ved konsesjon vil utbyggjar gå i dialog med Statens vegvesen om avstandar frå vegkant til kraftstasjonsbygning, samt utforming av Avkøyrsløp og godkjenning av denne. Det vert rekna med at kraftstasjonen kan verte godkjent med næraste bygningsdel ca. 5-6 m frå fylkesvegen, sidan veggen har lave trafikkmengder og stasjonsbygget ikkje vil hindre sikt i vegkurvatur, avkjørsla vil vere på ei rett strekning. Det vil vere behov for noko muring! plastring i fjøra og elveosen, for å sikre kraftstasjonen mot utgraving frå elva og fjorden. Andre høyringspartar har ønske om at stasjonen vert plassert ovanfor fylkesvegen. Området som her kan vere aktuelt er svært bratt, og det vil medføre store skjeringar (inntil 15 m høgde), høge murar og sannsynlegvis større krav til avstand frå veg, då det like nord for brua er ein sving mot vest.*

***Tussa Nett/ Istad** Dersom kabelen Indre Trandal -Sæbø vert bygt vil det vere kapasitet i 22 Kv nettet, slik at produksjonen kan verte mata mot Vartdal og Rjånes. Om ikkje denne nettoppgraderinga vert utført må det til forsterkingar i nettet for at Skarbøen og Klubbenes skal kunne produsere inn på nettet.*

***Kommentar:** Det vil vere kapasitet i nettet på overordna og regionalt nett. Kva nettførsterkingar som er mest aktuelle er ikkje klart før vedtaka i konsesjonspakken for Hjørundfjorden er fatta. Eventuelle kostnader med nettoppgradering for Skarbøen verkar å vere overkommelege, og utbyggjar er innforstått med eventuelle anleggsbidrag etter gjeldande reglar.*

***Miljøpartiet De Grønne:** Med atterhald om generelle synspunkt ser MDG positivt på utbygginga dersom spor etter anleggsarbeid vert lite synleg og at inntak og uttak vert meir avgrensa mot fjellet og fjorden.*

***Kommentar:** Utbyggjar er glad for at MDG er positive til utbygginga. Etter grundige vurderingar basert på høyringane, vil vi komme med ein korrigert søknad av inntaksplassering ved å flytte dette om lag 130 meter nærare fjorden, og med dette senke nivået på inntaket med kring 15 m. Om det i anleggsperioden vil vere relative store spor etter anleggsarbeid, så er det god skogsbotn med mykje lausmasse, som det er relativt enkelt å arrondere og som vil revegetere seg i løpet av få år. Kraftstasjonen ved fjorden vert arkitektutforma, og det vil verte lagt vekt på å harmonisere uttrykket mot fjorden.*

***Fylkeskommunen** Eit visst potensiale for funn av automatisk freda kulturminne under markoverflata i kraftstasjonsområdet. 7 SEFRAK registreringar på kulturminne. Er positiv til*

verdiskaping og næringsutvikling, samt busetnadsgrunnlag som småkraftutbyggingane gir med gode ringverknader til lokalsamfunnet. Fylkeskommunen er opptekne av at utbyggingane ikkje skadar med tanke på reiseliv og endra landskapsbilete.

Kommentar: Kraftstasjonsområdet består i hovudsak av fjøre og vegfylling frå fylkesvegen, så vi er usikker på om potensiale for kulturminne er så stort der. Småkraftkonsult har teikna traseen mellom våningshuset og løda, der det står eit gammalt uthus. Det gamle uthuset vil utbygginga spare og vi vil foreslå at rørgata vert lagt like nord for løda på kanten mot elva, og at også anleggsvegen vert lagt der. Positivt at fylkeskommunen verdset verdi ane for mellom anna næringsutvikling og busetnad som kraftutbygginga gir. Elva på Skarbøen er lite synleg frå fjorden, og med godt vekst jordlag vil røyrtrase og vegskråningar gro igjen relativt fort og inngrepa vil vere lite synlege frå fjorden.

Forum for natur og friluftsliv Meiner utløpsosen av Skarbøelva er ein fin fiskeplass, og er eit ope pusterom langs den bratte strandlinja i Hjørundfjorden. Dei vil heve kraftstasjonen til kote 20/25, til flata opp for vegen, der det er andre bygningskroppar. Inntaksområdet ligg i eit ope fjellterreng og rår til at inntaket velt flytta til om lag kote 350 i overgangen til meir storvokst skog, og vil med dette redusere tapet av INON - område. Ikkje nøgd med presisjonsnivået for utforming av vegen opp mot inntaket. Legg til grunn krav om minstevassføring og at fossefallreirkasser vert teke med i ein eventuell konsesjon. Om det vert sett vilkår om at inntaket vert flytta til kote 350 og kraftstasjonen vert flytta til kote 20/25 og at det vert sett ei minstevassføring, har FFNOF ikkje vesentlege merknader til søknaden

Kommentar: Grunneigaren er sterkt ueinig i skildringa av området ved utløpsosen. Strandlinja er verken meir eller mindre bratt her enn elles i området, dårleg og langgrunn fiskeplass. Har i løpet av 33 år berre sett 1 person som har forsøkt å fiske her. Kaia ved Saltre er den mest nytta fiskeplassen i området. Området mellom kote 20 og 25 er svært bratt med helling på 35-40 grader, og det vil vere svært vanskeleg å fundamentere ein kraftstasjon der. Det flatare partiet ligg over kote 30 ved gardstunet på Skarbøen, der det kan vere konflikt med bl.a. SEFRAK- registrerte objekt. Ved Skarbøvatnet der inntaket har vore planlagt er det enno relativt ope, men skoggrensa flyttar seg fort oppover etter kvart som mellom anna beitepresset minkar. Denne utviklinga har gått føre seg dei siste 10 åra, og vil hal de fram, så det er liten tvil om at overgangen mellom ope terreng og skog vil flytte seg oppover i åra som kjem. Frå kring 1980 har skoggrensa flytta seg fleire hundre meter frå Skarbøsetra og mot vatnet. Grunna høyringane vil vi fremje forslag om alternativ inntaksplassering frå kote 415 til kring kote 400. Om fallhøgda vert lågare vil noko mindre betongmengde og ca. 130 m kortare røyrgrøft kompensere for dette. Dette alternativet vil gi ei betre landskapsmessig utforming og vil delvis imøtekomme ønsket om å ha inntaket nærare meir storvokst skog.

Ørsta kommune Skarbøen kraftverk -Vert tilrådd konsesjon. Det er ein føresetnad at inntaket vert senka til om lag kote 400. Ørsta kommune er svært positiv til verdiskapinga, som vil gje grunnlag for næringsutvikling og busetnad. Landbruksnemnda ser få ulemper og konflikhtar i høve landbruket. Vegar som er planlagde i samband med utbyggingane vil komme landbruket til nytte i ettertid. Administrasjonen ønskjer å senke inntaket nedover til skoggrensa, og hevdar at småkraftinntaka i Ørsta kommune er trekt ned i eller under skoggrensa, og at dette er eit prinsipp vi bør halde på. Dei átvarar mot vegtilkomst oppe i snauffellet, og minner om NGI sitt skredfarekart der området er vurdert som potensielt fareområde. Administrasjonen ønskjer at ein bør vurdere å flytte kraftstasjonen på oppsida av fylkesvegen.

Kommentar Utbyggjar er glad for dei positive vedtaka i formannskapet og landbruksnemnda. Administrasjonen er også positiv til tiltaket, men har no kre innspel som vi vil kommentere. Prinsippet med at inntaka for småkraftverka ligg under skoggrensa er ikkje rett framstilt, då inntaka for Øyadalen, Vartdal, Trandal, Urke, Bjørdal, Draura og Dalegjerdet kraftverk ligg om lag i like ope terreng som det som er planlagt for Skarbøen. Alternativ inntaksplassering vil vi fremje med å flytte inntaket ca. 130 m nærare fjorden og senke inntaksdammen frå kote 415 til om lag kote 400. Skoggrensa vil flytte seg oppover, og det vil vere behov for veg i

samband med bygging og drift av kraftverket. Etter erfaring er det inntaka som har mest driftsproblem og tilsyn ved eit småkraftverk. Det er ikkje kjent at det går skred ved Skarbøen som kan ramme utbyggingsområdet. Flytting av kraftstasjonen på oppsida av fylkesvegen er vurdert, men store skjeringar og murar i den bratte sida ovanfor veggen gjer dette lite aktuelt.

Fylkesmannen vil ikkje gå imot ei utbygging av Skarbøelva, og ber om at det vert vurderert å gjennomføre prosjektet utan vegbygging, og å trekke inntaket ned under skoggrensa. Fylkesmannen synes inntaket er lagt nær Skarbøvatnet, og med ei flytting mot fjorden vil reduksjonen i INON bli vesentleg mindre. Vurderer vegbygginga til å vere det største landskapsinngrepet.

Kommentar: Som kommentert tidlegare vil vi fremje forslag om endra inntaksplassering som vil ta omsyn til ein del av det fylkesmannen kommenterer. Dette og at det vert lagt til grunn at skogen stadig veks høgare og høgare til fjells, antek vi at det i løpet av få år vil vere skog rundt inntaket. Til utbygginga og drift av kraftverket vil det vere behov for ein bratt traktorveg. Å byggje anlegget med helikopter eller taubane vil gi ein for dårleg økonomi i prosjektet. Å drifte kraftverket utan veg vil også vere ressurskrevjande, då svært mange av driftsproblema og tilsyna med kraftverket er relatert til inntaket.

Hovudinnhald i høyringane: Høyringspartane er positive til at det vert gjeve konsesjon, men fleire ønskjer at inntaket vert flytta ned mot skoggrensa. Det er nokre partar som ønskjer at vi vurderer å byggje kraftverket utan vegbygging til inntaket, samt at vi vurderer å plassere kraftstasjonen oppom fylkesvegen.

Vurdering: Skoggrensa har og vil flytte seg oppover, men på bakgrunn av høyringane har vi vurdert inntaksplasseringa. Ved å flytte denne ca 130 meter frå kote 415 til om lag kote 400, vil vi redusere vasstrykket med ca 4 %. Den alternative inntaksplasseringa vil gi kortare røyrgate og litt mindre betongforbruk i damkonstruksjonen. Dette vil bety at økonomien i prosjektet vert om lag uendra. Fordelen med dette alternativet vil i hovudsak vere at inntaket vert flytta vekk frå vatnet og dambygginga vil vere mindre synleg frå omliggande område. Ved dette inntaksområdet reknar vi med at det vil vere skogkledd om ikkje så mange år. Røyrгатetraseen vil også ligge i eit naturleg søkk i terrenget i den øvre delen. Å byggje kraftverket utan veg vil vere svært krevjande, då det vil vere behov for maskiner og utstyr for å grave, sprengje grøft, transportere og leggje røyr og arrondere terrenget. Taubane og helikopter vil ha såpass høge kostnader i rigging og drift av anleggsarbeidet at det vil vere lite aktuelt å bruke dette som hovudløysing. I drifta av kraftverket og for landbruksutnytting vil det vere behov for veg opp til inntaket. Veggen vil gå bratt og i svingar, men det er godt med gode vegbyggingsmassar og massar for å arrondere skråningar og fyllingar. Massane vert vurdert å vere slik at skogbotnen vil relativt raskt naturleg revegetere seg med gras botn og etter kvart lauvskog. Nedre del av røyrгата ved gardstunet vil verte noko justert, og vil gå på nordsida av loda for å unngå konflikt med eit gammalt SEFRAK registrert uthus.

Vedlagt kart viser alternativ inntaksplassering og alternativ røyrгатetrase i nedre del. Kraftstasjonen vil velte plasselt med turbinsenter på kote 3 i staden for kote 2, for å unngå problem med stor springflo.»

Etter høyringsperioden fekk NVE inn følgjande fråsegn:

Dagfinn Leira uttalar i brev datert 25.7.2014 at NVE ikkje bør gje løyve til utbygging i Skårelva, Indre Trandalselva, Årsetelva, Skarbøelva eller Klubbeneselva då Hjørundfjorden ikkje har fleire elvar og fossar å miste. Han skriv at «summen av inngrepene kan medføre at opplevelsesverdiene knyttet til landskapet blir sterkt forringet eller går tapt» og syner til OED sine retningslinjer for små vasskraftverk. Fråsegna er kritisk til arkitekturen til nokre kraftstasjonar på Sunnmøre og inneheld fleire fotografi frå området.

NVE si vurdering

Hydrologiske verknader av utbygginga

Skarbøen kraftverk nyttar eit nedbørfelt på ca. 2,8 km² ved inntaket, og middelvassføringa er berekna til 218 l/s. Effektiv innsjøprosent er på 1,9 % og det er ingen brear i nedbørfeltet. Avrenninga varierer frå år til år med dominerande haust- og vårflaumar. Lågaste vassføring kjem gjerne om vinteren. 5-persentil sommar- og vintervassføring er berekna til høvesvis 13 og 9 l/s. Alminneleg lågvassføring for vassdraget ved inntaket er berekna til 11 l/s. Maksimal slukeevne i kraftverket er planlagt til 601 l/s og minste driftsvassføring 30 l/s. Det er foreslått å sleppe ei minstevassføring lik alminneleg lågvassføring på 11 l/s heile året. I følgje søknaden vil dette medføre at ca. 77 % av tilgjengeleg vassmengd vert nytta til kraftproduksjon

NVE har kontrollert det hydrologiske grunnlaget i søknaden. Tala er stort sett basert på søknad om inntak på kote 415, som no er flytta til kote 400. Nedbørfeltet med inntak på kote 400 blir litt større (ca. 3,1 km²) og vi får noko justerte tal, deriblant eit mindre restfelt. Utifrå NVE sitt avrenningskart er det snakk om mindre justeringar som er godt under usikkerheita på slike data. Vi har ikkje fått vesentlege avvik i forhold til søkjar sine berekningar utanom dette. Alle berekningar på basis av andre målte vassdrag vil ved skalering til det aktuelle vassdraget vere hefta med feilkjelder. Dersom spesifikt normalavløp er berekna med bakgrunn i NVE sitt avrenningskart, vil vi påpeike at desse har ei usikkerheit på +/- 20 % og at usikkerheita aukar for små nedbørfelt.

Med ei maksimal slukeevne tilsvarande 275 % av middelvassføringa og foreslått minstevassføring på 11 l/s heile året, vil dette gje ei restvassføring på ca. 50 l/s rett nedstraums inntaket som eit gjennomsnitt over året. Det meste av dette vil kome i flaumperiodar. Dei store flaumvassføringane blir i liten grad påverka av utbygginga. I følgje søknaden vil det vere overløp over dammen 38 dagar i eit middels vått år. I 156 dagar vil vassføringa vere lågare enn summen av minste driftsvassføring og minstevassføring, og difor for liten til at det kan produserast kraft. I slike tilfelle må kraftverket stoppe og heile tilsiget sleppast forbi inntaket. Tilsiget frå restfeltet vil i gjennomsnitt bidra med ca. 40 l/s ved kraftstasjonen. Dette talet er basert på inntak på kote 415 og vil vere litt for høgt då eit inntak på kote 400 gjer at dei vil få med seg ei sideelv.

NVE meiner at den omsøkte maksimale slukeevna er høg og vil ta i frå vassdraget størsteparten av den naturlege vassføringsdynamikken halve året. Det vil vere overløp i omtrent ein månad og uendra vassføring på låge vassføringar i til saman 5 månadar.

Produksjon og kostnader

NVE har kontrollert dei framlagte berekningane over produksjon og kostnader. Vi har ikkje fått vesentlege avvik i forhold til søkar sine egne berekningar.

Fjordlandskapet i Hjørundfjorden

NVE har fått utarbeidd ein rapport med vurdering av korleis utbygging av dei omsøkte småkraftverka vil påverke landskapet i Hjørundfjorden. Rapporten er utarbeidd av Miljøfaglig Utredning, og det er lagt vekt på korleis fråføring av vatn visuelt vil verke inn på landskapet, og korleis prosjekta vil redusere inngrepsfri natur (INON).

Høyringspartane er positive til at søknadene i Hjørundfjorden blir behandla under eitt. Det blir understreka at fjordlandskapet er av stor og nasjonal verdi, særleg i forhold til reiselivsnæringa. Mellom anna inngår fjorden i Hurtigruta i sin ruteplan.

I saksframlegget frå kommunen går det fram at tilnærminga med å behandle søknadene samla kan erstatte ein samla kommunal plan for småkraftverk, og at ein på denne måten kan unngå utbygging av dei vassdraga som har størst verdi. Indre Trandalselva er den av elvane som skil seg ut av dei attverande som er til vurdering no, og det blir rådd til at søknaden med inntak på kote 580 blir avslått. Fylkesmannen har ingen vesentlege merknader til konklusjonane i fjordlandskapsrapporten, og peiker på at det er viktig at dei vassdraga som har størst verdi i fjordlandskapet ikkje blir utbygd. Fylkesmannen har motsegn til søknaden om Indre Trandal kraftverk (hovudalternativet), og rår frå at det blir gitt konesjon til Skår kraftverk. FNF og MDG saknar ei vurdering av samla konsekvens av inngrep som til dømes vegbygging.

I OED sine retningslinjer skriv dei følgjande om vurderingar i fjordlandskap:

«Utbygging av mange små kraftverk innen et fjordlandskap kan føre til bortfall av flere viktige landskapselementer, for eksempel fosser og stryk, som ofte har stor betydning for landskapets karakter og særtrekk. Hvert enkelt inngrep kan isolert sett ha liten betydning, mens summen av inngrepene kan medføre at opplevelsesverdiene knyttet til landskapet blir sterkt forringet eller går tapt.»

I forhold til reiseliv så er norske fjordlandskap rekna for å vere blant verdas beste turistmål. Det vestnorske fjordlandskapet har landskapskvalitetar av regional, nasjonal og internasjonal verdi. Fjord Norge satsar sterkt på å utvikle nasjonal kortferieturisme basert på natur- og kulturopplevingar. I Møre og Romsdal er Hjørundfjorden utpeika som ein av to pilotar for utvikling av produkt i denne satsinga. Den korte avstanden til Ålesund gjer at Hjørundfjorden er viktig for utviklinga av Ålesund som reiselivsdestinasjon og det har t.d. gått daglege turar med cruisebåtar frå Ålesund og inn i Hjørundfjorden i fleire år.

Ei rekkje små kraftanlegg i eit område med betydeleg, naturbasert reiselivsverksemd kan verke forstyrrande for naturopplevinga og på sikt føre til redusert turiststraum og reduserte inntekter for reiselivsaktørar og samfunnet. Område som er vesentlege for å ta vare på det norske reiselivsproduktet, og nasjonalt viktige reiselivsdestinasjonar der landskapet er ein vesentleg del av attraksjonen skal få stor verdi i følgje OED sine kriteria for verdivurdering i forhold til reiseliv.

- *«For områder som klassifiseres som reiselivsområder av stor verdi vil det bli lagt vekt på å unngå tiltak som reduserer verdien for reiselivet.»*
- *«Øg for områder klassifisert som reiselivsområder av middels verdi må det påregnes krav om prosjektilpasninger og/eller avbøtende tiltak som reduserer konflikten med reiselivsinteressene.»*

Elvane i landskapet

Elvane og bekkane som har utløp til Hjørundfjorden blir omtalt i fjordlandskapsrapporten som karaktergivande og svært viktige for landskapsopplevinga. Av dei 4 elvane som er søkt utbygd som er til behandling no, er Indre Trandalselva og Skårelva særleg vurdert å ha stor inntrykksstyrke, medan Skarbølva og Klubbeneselva er av mindre verdi i denne samanhengen.

Rapporten visualiserer elvane sine inntrykksstyrke i no- og ettersituasjonen, men synleggjer og talfestar òg inntrykksstyrken av ein før-situasjon, dvs. før noko utbygging av vasskraft. No-situasjonen inneber at inntrykksstyrken er redusert med ca. 14 % i forhold til ein før-situasjon. Ved ei utbygging av alle dei omsøkte prosjekta, ville denne andelen auke til ca. 24 %. Desse tala omfattar ei samla vurdering som òg inkluderer Helgåa i Norangsfjorden, ein søknad som allereie er avslått av NVE med stadfesting av OED.

NVE meiner at ein i vurderinga av samla belastning, ikkje kjem utanom at Indre Trandalselva og Skårelva er viktige for landskapsopplevinga i Hjørundfjorden. Begge elvane har høg inntrykksstyrke, og Skårelva er svært eksponert i fjordlandskapet.

Skarbøelva og Klubbeneselva har begge meir avgrensa visuell verdi. Sjølv om utbygging av dei to sistnemnde vil føre til nokså stor reduksjon i inntrykksstyrken frå elvar og bekkar i ytre del av fjorden, er dei visuelle konsekvensane likevel nokså små, fjordsystemet sett under eitt.

INON

Fjordlandskapsrapporten påpeikar at utgreiingsområdet sin INON-status er ein karakter ved landskapet. Dei inngrepsfrie områda som ev. vil bli påverka av dei føreliggande småkraftsøknadene er òg prioritert som viktige område i ein fylkesdelplan for inngrepsfrie område. Ingen av søknadene vil påverke areal som ligg meir enn 5 km frå inngrep i dag («villmark»), men Indre Trandal kraftverk og Skår kraftverk vil redusere areal som ligg mellom 3-5 km frå inngrep (INON-sone 1). Det er i utgangspunktet etter måten lite areal igjen i sone 1 i fjellområda kring Hjørundfjorden, ca. 2 km² i følgje fjordlandskapsrapporten. Utbygging av dei 4 omsøkte prosjekta vil halvere dette arealet.

Alle søknadene vil redusere areal som ligg mellom 1-3 km frå inngrep i dag, INON-sone 2. I alt har denne sona eit samla areal på ca. 104 km² i Hjørundfjordområdet. Det er Klubbeneselva kraftverk og Skarbøen kraftverk som vil stå for den største reduksjonen i sone 2 på høvesvis 2,7 og 1,7 km². Ifølgje retningslinjene frå OED skal spesielt samanhengande inngrepsfriheit frå fjord til fjell, uavhengig av sone, bli tillagt spesiell vekt. Skår kraftverk og Indre Trandal kraftverk vil redusere slike areal.

NVE meiner det vil vere uheldig med reduksjon av INON-areal, særleg sidan områda i ein fylkesdelplan er prioriterte som viktige. Vi meiner likevel at reduksjonen ikkje er så stor at det åleine er avgjerande for konsesjonsspørsmålet, men vil kunne vere eit supplerande moment i vurderinga av konsesjonsspørsmålet for Indre Trandal kraftverk og Skår kraftverk pga. reduksjonen av areal i INON-sone 1 og at reduksjonen skjer i eit prioritert fjord-fjell område. NVE meiner òg at reduksjonen av INON som vil følgje av Klubbeneselva kraftverk er eit moment i vurderinga av konsesjonsspørsmålet, sett i lys av at influensområdet grenser mot eit fjellområde av stor verdi for friluftslivet.

Friluftsliv

Det er NVE si vurdering at alle søknadene i Ørsta kommune rører ved fjellområde som er viktige for friluftsliv. Temaet er ikkje spesielt omtala i fjordlandskapsrapporten, men vi meiner at friluftinteressene bør vurderast samla då det i stor grad er knytt til landskapet generelt og fjordlandskapet spesielt.

Fjellområda rundt Hjørundfjorden og vidare mot vest blir ofte kalla «Sunnmørsalpane». Vi legg til grunn at heile dette fjellområdet i større eller mindre grad er av nasjonal verdi for friluftslivet. Dette går m.a. fram av fråsegnene frå Fylkesmannen, Ørsta kommune og FNF Møre og Romsdal.

Fjellområda aust for fjorden grensar mot Sykkylven kommune. Det går sti opp frå Trandal gjennom Litledalen, der inntaket i den opphavlege søknaden om Indre Trandal kraftverk er planlagd. Dette er ein av innfallsportane til toppurar i området, m.a. til Råna (1586 moh.) som er høgste topp i Sykkylven. Det er eit samanhengande fjellområde vidare søraustover til Slogen, som truleg er den toppen i Sunnmørsalpane som er best kjend.

På andre sida av fjorden er fjellområda mellom Hjørundfjorden, Ørsta og Storfjorden i minst like stor grad av nasjonal verdi for friluftslivet. Sentralt i dette området ligg Molladalen med Molladalstindane, og dette er mellom anna eit klassisk område for fjellsport.

Rett ovafor Skår finn vi Skårasalen, som òg er eit velkjent fjell og turmål. Dette er særleg mykje brukt til toppturar på ski på våren, og det er ifølgje søkjar for Årsetelva kraftverk minst 2500 som tar turen til topps kvart år. Ei av rutene ned frå fjellet ender på Skår.

Verknader av fysiske inngrep

Fjordlandskapsrapporten har ikkje lagt vekt på dei fysiske inngrepa knytt til ev. utbyggingar, og slår fast at det vil vere reduksjon i vassføringa som vil ha størst visuell verknad over tid. Samstundes viser vi til rapport 2-2010 utgitt av NVE i serien «Miljøbasert vannføring» som slår fast at effektar av til dømes vegbygging og røyrgatestrasear kan ha store landskapsmessige konsekvensar.

Høgfjellsnaturen er spesielt sårbar for inngrep, sidan dei ofte er lett synlege på lang avstand og revevegetering går svært seint. Sjølv avgrensa inngrep som følgje av små kraftverk kan redusere opplevingsverdien av eit urørt høgfjellsområde fordi det bidreg til å endre området sin status og karakter. I følgje OED sine retningslinjer bør ein unngå følgjande inngrep:

- *«Inngrep i vassdrag som er del av sårbare høgfjellsområder, dersom muligheten for avbøtende tiltak er begrenset*
- *Inngrep som er svært synlige og som etterlater varige sår i naturen*
- *Store inntakskonstruksjoner og rørgater, både nedsprenget og i dagen. Det er viktig å vurdere alternative plasseringer av inntak, samt muligheter for boring av vannvei – for å redusere negative virkninger og graden av konflikt.»*

Vurdering av dei einsskildede søknadene i forhold til fjordlandskapet

Klubbeneselva kraftverk er planlagt bygd med røyrgate i dagen med unnatak av dei nedste 100 metrane, og anleggsverksemda skal skje med taubane. Inntaket skal etablerast på kote 600, over skoggrensa i området.

NVE meiner at det i utgangspunktet er positivt at anlegget i dette bratte terrenget er planlagt med taubanedrift framfor veg. Samtidig vil òg taubanedrift innebere terrenginngrep. Storleiken på desse er avhengig av grunnforholda.

Når det gjeld røyrgate i dagen, vurderer NVE dette som ei landskapsmessig uheldig løysing. Dersom det ikkje ligg føre særlege miljø- eller landskapsmessige grunnar, meiner vi på generelt grunnlag at røyrgate skal gravast ned. For Klubbeneselva kraftverk sitt vedkomande, er det vår vurdering at både røyrgate i dagen og nedgrave røyr vil vere uheldig, både for fjordlandskapet og landskapet i høgfjellet.

Høyringspartane er positive til Klubbeneselva kraftverk under føresetnad av at inntaket blir flytta ned til ca. kote 400. Søkjar har i kommentarane til fråsegnene gitt uttrykk for at dette verken er teknisk eller økonomisk mogleg å gjennomføre, og det kom klart fram på synfaringa at elva i det aktuelle området går i ur og at alternativet ikkje er realiserbart.

I området ved planlagt inntak er det fast fjell på venstre side av elva, medan det på høgre side er ur. Elveløpet går i utkanten av ura, sjå bilete under. Det er NVE si vurdering at etablering av eit inntak i dette området vil innebere omfattande terrenginngrep, og at storleiken på dette ikkje kan bli fastslege sikkert pga. usikkerheit knytt til ura si utstrekning og djupn i og nær elveløpet.



Figur 1 Inntaksområdet i Klubbeneselva

NVE meiner at inngrepet som må gjennomførast i tilknytning til inntaksområdet for Klubbeneselva kraftverk må vektleggast tungt i vurderingane. Det er avgrensa moglegheit for tiltak som kan bøte på konsekvensane. Det vil vere i samsvar med retningslinene frå OED å vere varsam med å gi løyve til inngrep i dette høgfjellsområdet.

Inntaksområdet grensar mot eit fjellområde som har stor verdi for friluftsliv, og som er ein klassisk lokalitet for fjellsport. Vi vurderer ikkje dette som avgjerande, då det truleg ikkje er innsyn frå dei omkring liggande fjelltoppane til inntaksområdet, men det vil likevel bidra til å redusere fjellområdet sitt preg av å ikkje å vere røyrd av tekniske inngrep.

Skarbøen kraftverk er planlagt med nedgrave rørgate og med permanent anleggsveg opp til inntak på kote 400, over skoggrensa. Terrenget ut mot fjorden er bratt og ein eventuell veg må gå i slynger.

Fylkesmannen, FNF og MDG er imot prosjektet slik som det er omsøkt. Dersom inntaket blir flytta under skoggrensa, utløpet blir flytta ovanfor veg og vegen ikkje blir permanent, kan dei derimot akseptere utbygging. Ørsta kommune, Fylkesmannen, FNF og MDG er alle skeptiske til permanent anleggsveg gjennom eit ope og sårbart høgfjellsterreng. Kommunen meiner at det bør setjast vilkår om at alle anleggsvegar skal vere midlertidige og leggjast langs røtraseen. Fylkeskommunen påpeikar at anleggsinngrep som vegskjeringar kan gje ein klar reduksjon av opplevinga av dette området og meiner at det er avgjerande at dette blir vektlagt slik at utbyggingane ikkje skadar Hjørundfjorden som reisemål.

Søkjjar har flytta inntaket frå opphavleg kote 415 til kote 400, om lag 130 m, for å imøtekome fråsegnene og meiner at skoggrensa vil flytte seg oppover og at det vil vere behov for veg til inntak for drift og tilsyn av kraftverket. NVE har bedt søkjjar vurdere moglegheita for bruk av taubane, men dette

avviser søkjar på grunn av kostnad. Flytting av kraftstasjonen på oppsida av fylkesvegen er i følge søkjar lite aktuelt sidan dette området er bratt og vil krevje bygging av store skjeringar og murar.

NVE meiner at inntaket ligg på eit godt eigna stad med fjell i dagen på begge sider, men at det ligg i eit ope og sårbart høgfjellsterreng og at dei samla inngrepa knytt til inntak og permanent veg her oppe vil bli store og synlege i lang tid. Når det gjeld søkjar sitt argumentet om at skoggrensa vil flytte seg oppover så må NVE forholde seg til situasjonen slik den er i dag, sidan framtidsutviklinga er uvis. NVE meiner at dei negative konsekvensane ved plassering av inntaket på kote 400, dersom det blir nytta gode løysingar som reduserer synlegheita av inntaksdelane, er akseptable sidan det er eit godt eigna inntaksstad.

Inntaksområdet for Skarbøen grensar mot det same fjellområdet som inntaket for Klubbeneselva, men for Skarbøen sin del er området i enno større grad i ytterkant av det verdifulle friluftsområdet. Vi vurderer ikkje forholdet som vesentlig, sjølv om det i nokon grad vil bidra til å redusere fjellområdet sitt preg av å ikkje å vere røyrd av tekniske inngrep.

Ein permanent veg i den øvre delen av tiltaket er etter NVE sitt syn problematisk i forhold til konsekvensane for landskapet og vil stride imot OED sine retningslinjer som seier at ein bør unngå svært synlege inngrep som etterlatar varige sår i høgfjellsnaturen. Ein permanent veg over skoggrensa er etter NVE sitt syn uakseptabel og unødvendig og vil ved ein ev. konsesjon kun tillate ein midlertidig anleggsveg. Tilsyn i driftsfasen kan etter vårt syn gjerast på ein trasé som er køyresterk.

I den nedre delen av tiltaket vil ein permanent veg i mange og bratte svingar opp gjennom den bratte lia bli godt synleg frå fjorden, men ved ein ev. konsesjon kan NVE setje krav om at den skal leggjast i store slynger og at skog skal få stå att mellom svingane slik at vegen blir mindre synleg. I tillegg meiner NVE at fjordlandskapet heilt ytst i Hjørundfjorden er mindre spektakulært enn i indre delar og at ein derfor kan tillate inngrep her ute.

Kraftstasjonen nedanfor vegen vil krevje ei utfylling av området ut i fjorden for å få plass til kraftstasjon og anleggsområdet rundt. Slik NVE ser det er dette alternativet likevel å føretrekkje sidan området over vegen er meir ueigna og vil krevje store skjeringar som vil få enda større negative konsekvensar for landskapet ved fjorden.

Fjordlandskapsrapporten vurderer Skarbøelva til å ha mindre visuell verdi og NVE er einig i denne vurderinga då elva kun er synleg ifrå ein avgrensa del frå fjorden. Dei største negative konsekvensane for landskapet er, slik NVE ser det, ikkje knytt til fråføring av vatn, men dei fysiske anleggsdelane.

NVE har lagt noko, men ikkje avgjerande, vekt på dei negative konsekvensane Skarbøen kraftverk vil få for landskapet.

Skår kraftverk blir liggande i eit landskap som er svært eksponert. Elva er godt synleg mot både Norangsfjorden inn til Urke og frå Hjørundfjorden. Utbyggingsområdet er godt synleg frå hovudferdselsåra over fjorden som er ferja mellom Leknes-Sæbø og ligg i eit område som kan skildrast som indrefiletten av Hjørundfjorden. Urke er Hurtigruta si ilandstigingshamn frå hausten 2013 og derifrå ser ein rett bort på Skår.



Figur 2 Skårelva frå Leknes ferjekai

Inntaket er planlagt nedanfor fossen som er den aller mest synlege delen av elva, noko som fleire av høyringspartane har trekt fram som positivt. NVE ser positivt på slike forsøk på å tilpasse prosjekta for å redusere konsekvensane for landskapet. Frå inntaket og nedover går elva i stryk over svaberg og delvis grove lausmassar og meir i svingar. Likevel er den stort sett synleg før den heilt i nedre del går gjennom svært grove masser og forsvinn ned i massane på låge vassføringar. FNF påpeikar at Skårelva er spesiell fordi den er så samanhengande visuelt leseleg frå fjorden og til fjella og syner korleis vatnet, isen og snøskreda har forma landskapet. Fylkesmannen rår i frå tiltaket på grunn av at det vil redusere landskapsverdiane i området og gripe inn i eit prioritert inngrepsfritt naturområde som går frå fjord til fjell. MDG er i mot tiltaket på grunn av dei negative konsekvensane det får for friluftsliv og turistsatsing.

Friluftslivet i området er først og fremst knytt til at skiløparar om våren kjem ned til Skår etter topptur til Skårasalen. Kraftstasjonen vil vere noko av det første desse møter når dei kjem ned til fjorden etter at dei har kryssa Skårelva. Vassføringa vil etter ei ev. utbygging ofte vere sterkt redusert på denne tida av året. NVE meiner at ei utbygging av Skårelva vil vere uheldig for friluftslivet i området og vi legg noko vekt på dette forholdet.

NVE meiner at sjølve inntaket blir liggande noko skjult og legging av rørgata gjennom utmark og dyrka mark gjer at desse anleggsdelane kun vil få kortvarige og små konsekvensar for landskapet. Fråføring av vatn derimot, vil etter NVE sitt syn få store og permanente konsekvensar i eit landskap som er svært eksponert og av nasjonal verdi. Fjordlandskapsrapporten har vurdert Skårelva til å ha stor inntrykksstyrke og at utbygginga vil utgjere eit middels til stort bidrag til den samla belastninga på fjordlandskapet. NVE er samd i denne vurderinga og har lagt stor og avgjerande vekt på dei negative konsekvensane tiltaket vil få for fjordlandskapet i Hjørundfjorden.

Indre Trandal kraftverk: Hovudalternativet til Indre Trandal kraftverk er planlagd med vassveg i fjell i øvre del. Frå kote 150 og ned til kraftstasjon på kote 3 skal vassvegen gravast ned. Vassvegen i øvre del vil ikkje vere synleg, medan tunellpåhogget og den permanente vegen som er planlagd i svingar vil

bli synleg frå fjorden. Desse inngrepa vil, etter NVE sitt syn, bli liggande relativt nærme eksisterande inngrep og ved ein ev. konsesjon kan ein setje vilkår som vil kunne avbøte dei negative konsekvensane for landskapet i tilstrekkeleg grad.

Inntaket på kote 580 skal ligge i ein fjelldal som fleire av høyringspartane har påpeika er open og urørd. NVE meiner at dei tekniske inngrepa ved inntaket i eit sårbart høgfjellsområde vil vere uheldige og har lagt noko vekt på dette forholdet i vår vurdering av konsesjonsspørsmålet.



Figur 3 Indre Trandaleselva (foto frå søknad)

Fråføring av vatn frå denne svært eksponerte strekninga av Indre Trandalselva har møtt stor motstand i høyringsrunden på grunn av konsekvensane det vil få for eit sentralt landskapselement i Hjørundfjorden. Søkjar har foreslått å auke minstevassføringa frå 113 l/s til 200 l/s på dagtid i juni, juli og august. Sjølv med dette meiner NVE at vassdraget vil miste mykje av sin verdi som landskapselement.

Tiltaket vil, etter NVE sitt syn, stride mot OED sine retningslinjer om at ein bør unngå inngrep som fører til bortfall eller vesentleg reduksjon av verdifulle landskapselement av nasjonal, regional eller lokal betyding. NVE har lagt avgjerande vekt på konsekvensane hovudalternativet vil få for eit verdfult landskapselement og meiner at dei samla negative konsekvensane tiltaket har for landskap er svært store. I tillegg vil dei landskapsmessige konsekvensane ved redusert vassføring og etablering av inntak i Litledalen redusere området si betyding for friluftsliv. Dette er av noko betyding i NVE si vurderinga av konsesjonsspørsmålet.

Alternativ 2 med inntak nedanfor synlege fossefall vil bli lite synleg frå fjorden og kun ein kortare ny veg til inntaket må byggast. Rørgata skal gravast ned på heile strekninga, men vil bli liggande i og nær område som allereie er prega av inngrep. NVE meiner at dei negative konsekvensane av dei tekniske anleggsdelane til alternativ 2 blir små og at dei i stor grad kan avbøtast med vilkår ved ein ev. konsesjon.

Naturmangfald

Naturtypar og akvatiske miljø

Det er ikkje registrert viktige naturtypar innanfor dette prosjektet sitt influensområde. Området er lite påverka av menneskelege aktivitetar som jordbruksdrift i seinare til, men før var området mykje meir beitepåverka. Den austlege eksponeringa saman med den harde berggrunnen gjer at det ikkje er særskild frodig her. Blåbærskog dominerer det meste av influensområdet, men med litt dyrka mark nedst og triviell fjellvegetasjon øvst. Rapporten om biomangfald vurderer influensområde til å ha liten til middels verdi. NVE meiner at konsekvensane av utbygging for naturtypane i området vil bli minimale og har lagt lite vekt på dette i vår vurdering av konsesjonsspørsmålet.

I følgje rapporten om biomangfald er elva for bratt til at anadrom fisk går opp, men kommunen uttalar at fisk kan gå opp eit kort stykke. NVE meiner at sjølv om fisken kjem seg opp eit kort stykke er det snakk om ei svært kort strekning som har lav verdi for fisken som gyte- og oppvekstområde. Vi har derfor lagt lite vekt på konsekvensane for anadrom fisk i vår vurdering.

Skarbøelva er for bratt til at artar som ål (CR) og elvemusling (VU) kan ha sitt leveområde der, i følgje rapporten om biomangfald. NVE er einig i vurderinga i rapporten i forhold til elvemusling og meiner at mangel på fisk av betydning, saman med dei fysiske forholda i elva, gjer at elva er svært lite eigna for elvemusling. Når det gjeld ål, derimot, meiner NVE at det ein ikkje kan sjå bort frå at det kan finnast ål her sidan det ligg eit vatn ovanfor elva og ålen kan vandre i svært bratt terreng. Antal innsjøar i Noreg med registrerte førekomst av ål minkar klart med aukande høgd over havet og svært få av innsjøane ligg over 400 moh (NVE-rapport 1/2010). I tillegg er det ikkje kjent førekomst av ål i elva og NVE reknar det som lite sannsynleg at det er oppgang av ål i Skarbøelva.

Terrestriske artar

Tiltaket ligg innanfor eit beiteområde for hjort som er avgrensa i Naturbase og nær ein trekkvei. Det føregår hjortejakt her på hausten. Oter (VU) finst i sjøen og i følgje ei kommunal kartlegging er strekninga Skarbøen-Klubbeneset eit leve- og jaktområde for oteren. Grunneigar opplyser om at oteren ikkje er observert i vassdraget. NVE har ikkje fått nokon indikasjon på, og reknar det som lite sannsynleg, at oteren har yngleområde i tilknytning til vassdraget. Ettersom anadrom strekning er så pass kort og av lav verdi, meiner NVE at fødegrunnlaget for oteren ikkje blir nemneverdig påverka av tiltaket, og har ikkje tillagt dette vekt i vår vurdering av konsesjonsspørsmålet.

Lav- og mosefloraen er fattig, med vanlege artar i slike miljø og ingen av artane er raudlista eller særskilt gode indikatorartar på rike miljø. Sjølv om det er eit par fossar, så er det ikkje førekomst av fosseeng eller fossesprutsoner ved elva.

Gaupe (VU) kan i følgje rapporten om biomangfald streife forbi området. Ettersom gaupe ikkje er spesielt knytt til vasstrengen, antar NVE at ulempene for gaupe er små og av midlertidig karakter knytt til anleggsfasen.

Det er nokre eldre registreringar av rovfuglaktivitet i lia nord for utbyggingsområdet, og ein lokal ornitolog opplyser om at det har vore forsøk på hekking av havørn og kongeørn 0,5-1 km unna både nord og sør for garden på Skarbø. Ornitologen nemner at det har hekka fossefall i elva før, men at elva er ei av dei dårlegare elvane for fossefall i Ørsta. Fossefallet si ekstreme tilpassing til vatn og vassdrag gjer den spesielt sårbar for kraftutbygging. Som eit avbøtande tiltak dersom det blir gitt konsesjon, bør det i tillegg til minstevassføring monterast predatorsikre rugekasser for fossefall langs elvestrengen. Dette er eit pålegg Fylkesmannen kan gje i medhald av standardvilkår for naturforvaltning.

For dei andre fugleartene er konsekvensane ved ei ev. utbygging antatt å vere små, då dei primært nyttar andre områder enn sjølv elvestrengen. Rovfugl beveger seg generelt over store områder, og det er ikkje påvist «vellinga» rovfuglreir i influensområdet til Skarbøen kraftverk. Rovfugl er like fullt sårbar i hekketida, og NVE råder til at ev. anleggsarbeid blir lagt utanom hekketida dersom det blir påvist at reir blir nytta av rovfugl i den aktuelle perioden.

Samla sett vurderer NVE påverknadane på biologisk mangfald å vere akseptabel ved ei gjennomføring av tiltaket, gitt dei avbøtande tiltak som er diskutert ovanfor.

Forholdet til naturmangfaldlova

Alle instansar med myndigheit innan forvaltning av natur, eller som tek avgjersler som har verknad for naturen, er pliktige etter naturmangfaldlova § 7 å vurdere det planlagde tiltaket opp mot naturmangfaldlova sine relevante paragrafar. I NVE si vurdering av søknaden om Skarbøen kraftverk legg vi til grunn prinsippa i §§ 8-12 samt forvaltningsmåla i naturmangfaldlova §§ 4 og 5.

Kunnskapen om naturmangfaldet og effekt av ev. påverknad er basert på den informasjonen som er lagt fram i søknaden, miljørapport, høyringsuttalar, samt NVE sine egne erfaringar. NVE har òg gjort egne søk i tilgjengelege databasar som Naturbase og Artskart den 16.7.2014. Etter NVE si vurdering er det innhenta tilstrekkeleg informasjon til å kunne fatte vedtak, samt for å vurdere tiltaket sitt omfang og verknadar på det biologiske mangfaldet. Samla sett meiner NVE at kunnskapsgrunnlaget er godt nok utgreidd, jamfør naturmangfaldlova § 8.

I influensområdet til Skarbøen kraftverk er det ikkje funne viktige naturtypar, men oter (VU) har sitt leve- og jaktområde på denne strekninga av fjorden. Ei eventuell utbygging av Skarbøelva vil etter NVE si meining ikkje vere i konflikt med forvaltningsmålet for naturtypar og økosystem gjeve i naturmangfaldlova § 4 eller forvaltningsmålet for artar i naturmangfaldlova § 5 gitt avbøtande tiltak.

NVE har òg sett påverknaden frå Skarbøen kraftverk i samanheng med anna påverknad på naturtypane, artane og økosystemet. Skarbøelva er hovudelva i vassdraget og er lite påverka av inngrep. Samstundes med søknaden om Skarbøen kraftverk, behandlar NVE ytterlegare 6 søknader i Ørsta kommune, der to søknader nær Øye er avsløge. I tillegg er det søkt om to kraftverk i elva Huna rett ovanfor fjorden i Hundeidvik i Sykkylven kommune. I Ørsta kommune er det bygd 16 småkraftverk og eit kraftverk over 10 MW, medan eit småkraftverk er under bygging. Sjølv om Skarbøelva ligg i ein region med etter måten mykje utbygd vasskraft, er det NVE si vurdering at Skarbøen kraftverk i avgrensa grad vil bidra til auka belastning for Skarbøvassdraget, Ørsta kommune eller regionen når det gjeld biologisk mangfald. Prinsippet om samla belastning i naturmangfaldlova § 10 er vurdert, og er ikkje avgjerande for konsesjonsspørsmålet.

Etter NVE si vurdering føreligg det tilstrekkeleg kunnskap om verknadar tiltaket kan ha på naturmiljøet, og NVE meiner at det derfor ikkje skal leggjast særleg vekt på naturmangfaldlova § 9 (føre-var-prinsippet).

Avbøtande tiltak og utforminga av tiltaket vil bli spesifisert nærare i våre merknadar til vilkår dersom det blir gjeve konsesjon. I tråd med naturmangfaldlova §§ 11-12, vil det vere tiltakshavar som ber kostnadane av dette.

Kulturminne

Det er 7 SEFRAK-registrerte kulturminne i influensområdet. Det einaste som vil bli direkte råka av tiltaket er ruinen etter eit kvernhus som ligg rett i/ved elva sidan den får redusert vassføring. Søkjar har justert rørtraseen i nedre del til å gå mellom elva og den SEFRAK-registerte løa. Dette partiet er smalt,

men likevel teknisk gjennomførleg. Denne endringa i trase gjer at ein unngår å råke det SEFRAK-registrerte stabburet mellom løa og våningshuset. SEFRAK-registreringane lengre opp i lia og på Skarbøsæter ser ut til å kome utanfor rørtrase og med god merking meiner NVE at dei ikkje vert råka av utbygginga.

NVE meiner at konsekvensane for kulturminna i området blir minimale og har ikkje tillagt forholdet noko vekt i vår vurdering. NVE vil likevel minne om tiltakshavar si meldeplikt ved funn av ytterligare kulturminne under anleggsarbeid, jamfør kulturminnelova § 8.

Flaum, ras og skred

Ørsta kommune påpeikar at lisida ned til Skarbøen er vurdert som potensielt fareområde i NGI sitt faresonekart for snø og steinskred. I følgje søkjar er det ikkje kjent at det går skred ved Skarbøen som kan ramme utbyggingsområdet. NVE såg liten indikasjon i terrenget på at denne skredfaren er reell og har ikkje lagt vekt på dette temaet i vår vurdering av konsesjonsspørsmålet.

Vasstemperatur, isforhold og lokalklima

Redusert vassføring vil føre til at vasstemperatur og mikroklima i elvestrengen vil i større grad enn tidlegare bli påverka av lufttemperatur. Vatnet ut frå kraftstasjon vil normalt ha ein marginalt høgre temperatur, og i den råka delen av elvestrengen vil det vere lågare luftfukt enn i eit urørt vassdrag. Elva har eit relativt bratt fall med liten isproduksjon og forholda for islegging, isgang, kjøving og risiko for frostrøyk vil truleg endre seg lite. Samla sett reknar NVE forholda rundt vasstemperatur, isforhold og lokalklima som lite problematiske.

Konsekvensar av kraftlinjer

Ei eksisterande 22 kV kraftlinje passerer husa på Skarbøen 125 m frå planlagt kraftstasjon. Kraftverket er planlagt tilknytt overliggande nett med ei 125 m lang luftlinje. Tilknyttinga til eksisterande nett fører med seg minimale inngrep, og NVE forventar minimale konsekvensar av linjetilknyttinga.

Samfunnsmessige fordelar

Ei eventuell utbygging av Skarbøen kraftverk vil gje om lag 5 GWh i eit gjennomsnittså. Denne produksjonsmengda reknast som normalt for eit småkraftverk. Småkraftverk utgjer eit viktig bidrag i den politiske satsinga på fornybar energi. Det omsøkte tiltaket vil gje inntekter til søkjar og grunneigar og generere skatteinntekter. Vidare vil Skarbøen kraftverk styrke næringsgrunnlaget i området og vil dermed kunne bidra til å oppretthalde lokal busetnad.

Andre forhold

Kraftstasjonen er planlagt heilt nede ved fjorden og dermed utan noko naturleg støydemping. Det er, i NVE si erfaring, nødvendig med støydempande tiltak for kraftstasjonar med ei slik plassering. Dette vil det setjast vilkår om ved ein ev. konsesjon.

Oppsummering

Skarbøen kraftverk vil nytte fallet i Skarbøelva mellom eit inntak på kote 400 og kraftstasjon på kote 3. Vassvegen på ca. 1,2 km er planlagt langs austsida av elva. Den vil bli vekselvis nedgrave og tildekt med behov for sprenging i øvre del. Det er planlagt 1,4 km ny permanent veg opp til inntaket og vegen må leggjast i svingar i bratt terreng i nedre del. Til kraftstasjonen er det behov for ny permanent avkjørsel frå fylkesvegen. Middelvassføringa er 218 l/s og kraftverket er planlagt med ei maksimal slukeevne på 601 l/s. Kraftverket vil ha ein installert effekt på 2,1 MW og etter planane gje ein

produksjon på 5 GWh. Utbygginga vil føre til redusert vassføring på ei 1,1 km lang strekning i Skarbøelva. Det er planlagt slepp av minstevassføring på 11 l/s heile året.

I høyringa var fleire imot prosjektet som det var omsøkt, men kunne under føresetnader om tilpassingar av prosjektet akseptere ei utbygging. Ørsta kommune tilrår løyve dersom inntaket blir flytta ned til kote 400, under skoggrensa, og dei rår ifrå permanent veg opp i snaufjellet. Fylkesmannen går ikkje imot tiltaket, men ber om at det blir gjennomført utan vegbygging og at inntaket blir trekt ned frå eit ope og sårbart høgfjellsterreng til under tregrensa. Fylkeskommunen uttalar at det er eit visst potensiale for funn av automatisk freda kulturminne i kraftstasjonsområdet og at der er 7 SEFRAK-registrerte kulturminne i området. Fylkeskommunen er opptekne av konsekvensane utbygginga kan få for fjordlandskapet og syner til satsinga på hurtigruteanløp i Hjørundfjorden. Forum for Natur og Friluftsliv (FNF) Møre og Romsdal kan godta utbygging under føresetnad av at inntaket blir flytta til kote 350 og kraftstasjonen til kote 20 og at det blir sleppt minstevassføring. Dei påpeikar i tillegg at vegbygginga og tap av INON-område i eit prioritert friluftslivsområde er problematisk. Miljøpartiet de Grønne Ørsta/Volda er positive til utbygging dersom spor etter anleggsarbeidet blir lite synleg og inntak og kraftstasjon blir flytta høvesvis ned frå snaufjellet og opp frå fjorden. Tussa Nett AS har som områdekonsesjonær kommentert linjetilknyttinga og opplyser at m.a. ny sjøkabel til Trandal vil kunne frigjere kapasitet slik at Skarbøen kraftverk kan mate effekt inn på distribusjonsnettet. Utan desse oppgraderingane må ein forsterke 22 kV nettet andre stadar. Statens vegvesen Midt har ingen konkrete kommentarar til omsøkte kraftverk, men minner om generelle reglar ved tiltak nær kommunikasjonsårer og sikkerheit generelt.

Konsekvensane for allmenne interesser er i omsøkte prosjekt hovudsakleg knytt til landskap og friluftsliv. Dei største negative konsekvensane for landskapet er, slik NVE ser det ikkje knytt til fråføring av vatn då elva er lite synleg, men til dei fysiske anleggsdelane. Inntaket er etter høyring flytta noko ned av omsyn til landskap- og friluftslivinteresser. Likevel vil dei tekniske inngrepa i øvre del av tiltaksområdet endre opplevinga av å ferdast i området. Redusert vassføring vil vere negativt for dei fuktkrevjande artar som finst i vassdraget, men ei ev. pålagt minstevassføring vil kunne bøte på noko av dei negative verknadane dersom prosjektet får løyve. Konsekvensane av tiltaket på brukarinteresser er samla sett vurdert av NVE til å vere noko negativ, men akseptabel slik prosjektet står fram etter mindre justeringar.

NVE sin konklusjon

Etter ei heilskapleg vurdering av planane og dei innkomne fråsegnene meiner NVE at fordelane av det omsøkte tiltaket er større enn skadar og ulemper for allmenne og private interesser, slik at kravet i vassressurslova § 25 er oppfylt. NVE gjev Rolf Skarbø løyve etter vassressurslova § 8 til bygging av Skarbøen kraftverk. Løyvet er gjeve på nærare fastsette vilkår.

Dette vedtaket gjelder berre løyve etter vassressurslova.

Forholdet til anna lovverk

Forholdet til energilova

Rolf Skarbø har lagt fram planar om installasjon av elektrisk høgspontanlegg som inneber ei 125 m lang 22 kV luftlinje til eksisterande linjenett. Grunneigar har inngått avtale med Tussa Nett AS, no Mørenett AS, om både bygging og drift av kraftverket, som inkluderer elektriske anlegg.

Verknadane av linjetilknytninga inngår i NVE si heilskaplege vurdering av planane, og er ikkje avgjerande for konsesjonsvedtaket.

Mørenett AS (som heitte Tussa Nett AS på søknadstidspunktet) er områdekonsesjonær og skal ifølgje søknaden stå for bygging og drift av anlegget. Vi finn det ikkje nødvendig med ein eigen anleggskonsesjon etter energilova for høgspenntilknytning til 22 kV nett. Nødvendige høgspontanlegg, inkludert transformering, kan byggast i medhald av nettselskapet sin områdekonsesjon.

Dersom Rolf Skarbø ønskjer eigen anleggskonsesjon, må det sendast inn søknad om dette når eksakt storleik på elektriske installasjonar er klar. NVE kan då gje eigen anleggskonsesjon for kraftverket.

Det er per i dag uklart om det er kapasitet i lokalt 22 kV nett. Det er ikkje kapasitet i sentralnettet før 420 kV linja mellom Ørskog-Fardal er sett i drift. Dersom det ikkje blir bygd ny 132/22 kV trafo i Sæbø og ny 22 kV sjøkabel til Indre Trandal, må ein forsterke 22 kV nettet andre stadar for at Skarbøen kraftverk skal kunne produsere inn på nettet. Søkjar har kommentert i brev av 23.8.2013 at kostnadar med nettoppgradering verkar å vere overkommelege og at utbyggjar er inneforstått med eventuelle anleggsbidrag etter gjeldande reglar.

NVE har ikkje gjort ei grundig vurdering av kapasiteten i nettet, og tiltakshavar er sjølv ansvarleg for at avtale om nettilknytning er på plass før byggestart. NVE vil ikkje behandle detaljplanar før tiltakshavar har dokumentert at det er tilgjengelig kapasitet og at kostnadsfordelinga er avklara. Slik dokumentasjon må føreligge samtidig med innsending av detaljplanar for godkjenning, jamfør konsesjonsvilkåra post 4.

Forholdet til plan- og bygningslova

«Forskrift om saksbehandling og kontroll i byggesaker» gjev saker som er underlagt konsesjonsbehandling etter vassressurslova fritak for byggesaksbehandling etter plan- og bygningslova. Dette skjer med føresetnad om at tiltaket ikkje er i strid med kommuneplanen sin arealdel eller gjeldande reguleringsplanar. Forholdet til plan- og bygningslova må avklarast med kommunen før tiltaket kan setjast i verk.

Forholdet til EU sitt vassdirektiv i konsesjonsbehandling hjå sektormyndigheita

NVE har ved vurdering av om konsesjon skal gjevast etter vassressurslova § 8 føreteke ei vurdering av krava i vassforskrifta (FOR 2006-12-15 nr. 1446) § 12 som gjeld ny aktivitet eller nye inngrep. NVE har vurdert alle tiltak som praktisk let seg gjennomføre for å kunne redusere skadar og ulemper ved tiltaket. NVE har sett vilkår i konsesjonen som ein vurderer eigna for å avbøte ei negativ utvikling i vassførekomsten. I vilkåra er det inkludert krav om minstevassføring og standardvilkår som etter post 5 i vilkåra gjev vassdragsmyndigheitene, inkludert Miljødirektoratet/Fylkesmannen, høve til å gje pålegg om tiltak som seinare kan betre tilhøva i det aktuelle vassdraget. NVE har vurdert samfunnsnyttan av inngrepet til å vere større enn skadane og ulempene ved tiltaket. Vidare har NVE vurdert at føremålet med inngrepet i form av fornybar energiproduksjon ikkje med rimelegheit kan oppnåast med andre middel som er vesentleg betre for miljøet. Både om inngrepet teknisk kan gjennomførast og kostnadar er vurdert.

Merknadar til konsesjonsvilkåra etter vassressurslova

Post 1: Slepp av vatn

Følgjande data for vassføring og slukeevne er henta frå konsesjonssøknaden og lagt til grunn for konsesjon gjeve av NVE og fastsetting av minstevassføring:

Middelvassføring	l/s	218
Alminneleg lågvassføring	l/s	11
5-persentil sommar	l/s	13
5-persentil vinter	l/s	9
Største slukeevne	l/s	601
Største slukeevne i % av middelvassføring	%	276
Minste driftsvassføring	l/s	30

Søkjjar har føreslått å sleppe 11 l/s, tilsvarande alminneleg lågvassføring, som minstevassføring heile året. I følgje rapporten om biomangfald vil det vere tilstrekkeleg med ei minstevassføring tilsvarande alminneleg lågvassføring for å oppretthalde det meste av naturverdiane langs denne elva, men den biologiske produksjonen på det strekket som får fråført vatn vil nok bli liten i høve situasjonen før utbygging. Høyringspartane har ikkje kome med forslag om å endre på minstevassføringa som søkjjar har føreslege. NVE er einig med vurderinga i rapporten om biomangfald. Ut i frå dette fastset NVE ei minstevassføring på 11 l/s heile året. Samla produksjon vil då bli på 4,96 GWh/år.

Det skal etablerast ei måleanordning for registrering av minstevassføring. Den tekniske løysinga for dokumentasjon av slepp av minstevassføring skal godkjennast gjennom detaljplanen. Data skal leggst fram for NVE på førespurnad og oppbevarast så lenge anlegget er i drift.

Dersom tilsiget er mindre enn minstevassføringskravet, skal heile tilsiget sleppast forbi.

Ved alle stader med pålegg om minstevassføring skal det setjast opp skilt med opplysningar om bestemmingar kring slepp av vatn som er lett synleg for allmennheita. NVE skal godkjenne merking, utforming og plassering av skilta.

NVE presiserer at start-/stoppkøyring av kraftverket ikkje skal skje. Kraftverket skal køyrast jamt. Inntaksbassenget skal ikkje nyttast til å oppnå auka driftstid, og det skal berre vere små variasjonar i vasstand knytt til opp- og nedkøyring av kraftverket. Dette er primært av omsyn til naturens mangfald og mogleg erosjonsfare.

Post 4: Godkjenning av planar, landskapsforhold, tilsyn m.v.

Detaljerte planar skal leggst fram for NVE sitt regionkontor i Førde og godkjennast av NVE før arbeidet startar.

Før utarbeiding av tekniske planar for dam kan starte, må søknad om konsekvensklasse for gitt alternativ vere sendt NVE og vedtak fatta. Konsekvensklassen er bestemmende for dei krav til sikkerheit som blir stilt til planlegging, bygging og drift, og må difor vere avklara før arbeidet med tekniske planar startar.

NVE sitt miljøtilsyn vil ikkje ta planar for landskap og miljø til behandling før anlegget har fått vedtak om konsekvensklasse.

Tabellen under prøver å summere opp føringar og krav som ligg til grunn for konsesjonen. Det kan likevel skje at det er gitt føringar andre stadar i dokumentet som ikkje har komme med i tabellen. NVE presiserer at alle føringar og krav som er nemnt i dokumentet gjeld.

NVE har gitt konsesjon på følgjande føresetnadar:

Inntak	<p>Inntaket skal plasserast på kote 400 (sjå vedlagt foto).</p> <p>Inntaket skal byggast slik at det blir så lite synleg i landskapet som råd. Området rundt er sårbart høgfjell og inngrep skal vere så små som mogleg rundt inntaket. Dette skal vere førande for anleggsarbeidet og søkjar må sørge for at entreprenøren tar omsyn til dette. I tillegg oppmodar vi til å bruke ein inntakskonstruksjon som vil krevje minimalt med tilsyn og vedlikehald.</p> <p>Teknisk løysning for dokumentasjon av slepp av minstevassføring skal godkjennast av NVE.</p>
Vassveg	<p>Konsesjonen omfattar rørgate på sørsida av Skarbøelva som synt på kart (vedlagt). Søknaden beskriv nedgrave rørgate i øvre del. Vidare nedover blir den vekselvis nedgrave og tildekt. Dette kan endrast i detaljplanen dersom endringane gjer at rørgata blir <i>mindre</i> synleg i landskapet. Traseen skal gjerast så smal som råd.</p> <p>Anleggsarbeidet må leggest vekk frå dei 7 SEFRAK-registrerte kulturminne i influensområdet (sjå NVE si vurdering av kulturminne).</p>
Største slukeevne	Søknaden oppgir 601 l/s.
Minste driftsvassføring	Søknaden oppgir 30 l/s.
Tal turbinar/turbintype	1 Pelton-turbin
Veg	<p>Det har vore stor motstand frå høyringspartane mot permanent veg til inntaket. Vegen har vore eit sentral tema i NVE si vurdering av konsesjonsspørsmålet. NVE vil at søkjar minimerer permanente og synlege inngrep i høgfjellet.</p> <p>I den bratte lia ut mot fjorden skal anleggsvegen byggast i lange og få slynger og skogen skal få stå att mellom slyngene slik at den blir minst mogleg synleg frå fjorden. Dette må vere kjent for alle som er involvert i anleggsarbeidet. Der terrenget flatar ut og opnar seg og ikkje lenger er skogkledd skal det ikkje byggast permanent veg, men ein midlertidig veg som skal tilbakeførast til ein køyrefast del av terrenget.</p> <p>NVE oppmodar søkjar til å vurdere andre alternativ under detaljplanlegginga for tilkomst og bygging av rørgata (t.d. taubane) som vil bli mindre skjemmaende for landskap og friluftsliv.</p>

Kraftstasjon	Det er viktig med ei god utforming og tilpassing av kraftstasjonen i fjordlandskapet. Kommunen uttalar at dette ikkje er staden for monumentale bygg. Detaljplanen skal sendast til Ørsta kommune for uttale før endeleg godkjenning. Det skal gjennomførast støydemping av kraftstasjonen. Støydempende tiltak skal avklarast gjennom detaljplanlegginga.
Avbøtande tiltak	Før bygging skal biolog eller lokalkjent sjekke om rovfuglreira nærmare enn 1 km frå tiltaket er tatt i bruk det året. Dersom dette er tilfelle, skal særleg støyande aktivitet leggjast utom hekkeperioden 1.februar til 14. juli.

Det er gjeve i tabellen i kva grad justeringar kan gjerast i samband med detaljplanlegginga. Dersom det ikkje er gjeve spesielle føringar kan mindre endringar godkjennast av NVE som del av detaljplangodkjenninga. Anlegg som ikkje er bygd i samsvar med konsesjon og/eller planar godkjent av NVE, inkludert planlagt installert effekt og slukeevne, vil ikkje ha rett til el-sertifikat. Dersom det er endringar skal dette gå tydeleg fram ved oversending av detaljplanane.

Post 5: Naturforvaltning

Vilkår for naturforvaltning blir teke med i konsesjonen sjølv om det i dag synast lite aktuelt å pålegge ytterligere avbøtande tiltak. Eventuelle pålegg i medhald av dette vilkåret må vere relatert til skadar forårsaka av tiltaket og stå i rimeleg forhold til storleiken og verknad av tiltaket.

Post 6: Automatisk freda kulturminne

NVE føreset at utbyggjar tar den nødvendige kontakt med fylkeskommunen for å klarere forholdet til kulturminnelova § 9 før innsending av detaljplan. Vi minner vidare om den generelle plikta om aktsemd med krav om varsling av aktuelle instansar dersom ein kjem over kulturminne i byggjefasen, jf. kulturminnelova § 8 (jf. Pkt.3 i vilkåra).

Post 8: Tersklar m.v.


Dette vilkåret gjev heimel til å pålegge konsesjonær å etablere tersklar eller gjennomføre andre biotopjusterande tiltak dersom dette skulle vise seg å vere nødvendig.

Andre forhold

Kraftstasjonen skal byggast i eit smalt parti mellom fylkesveg 65 og fjorden. Ny avkøyrse frå fylkesvegen og bygging av kraftstasjon så nær vegen må avklarast med Statens vegvesen. Dei bør involverast tidleg i utarbeidingsfasen av detaljplanen og skal få detaljplanen for uttale før den blir endeleg godkjent.

Vedlegg

Kart:



*Ikkje rett målestokk

Foto av inntaksområde (kote 400):

